

Søknadsskjema for 2018



**Tilskuddsordning for Jobbsjansen 2018 – Del B «mer
grunnskoleopplæring for innvandrerungdom»**

Søknad om tilskudd for 2018

For generell veiledning for utfylling og levering av søknadsskjema, se siste side av dette dokumentet.

Søknadsfrist: 25.1.2018

1. Generelt

Prosjektnavn:	Grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom (GMU)
Søkers saks nr. (fylles ut av IMDi)	

Søknad om støtte gjelder. Kryss av det som er aktuelt, og fyll ut relevant alternativ.

<input type="checkbox"/> Prosjekt som ikke fikk støtte fra IMDi i fjor
<input checked="" type="checkbox"/> Videreføring av prosjekt som fikk støtte fra IMDi i fjor. Oppgi IMDis saksnr fra i fjor: 17-01714
<input type="checkbox"/> Fortsatt støtte innenfor innvilget flerårig støtte <i>hvis ja</i> Antall år innvilget totalt: Klikk eller trykk her for å velge antall år. Årets søknad gjelder: Klikk eller trykk her for å velge antall år.

Søknaden gjelder antall år. Kryss av det som er aktuelt

<input checked="" type="checkbox"/> 1 år <input type="checkbox"/> 2 år <input type="checkbox"/> 3 år

2. Opplysninger om søker

Org nr:	941388841
----------------	-----------

Søknadsskjema for 2018

Navn på virksomhet:	Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Enhet:	Opplæring
Bankkonto:	42120202000
Postadresse:	Askedalen 2
Postnr:	6863
Poststed:	Leikanger
Telefon:	57656100
Webadresse:	www.sfj.no
E-post:	post@sfj.no
Navn på kontaktperson, tlf. og epost:	Yrla Klein, 40349549, yrla.klein@sfj.no Kenth Rune Teigen Måren, 41530971, kenth.rune.teigen.maren@sfj.no

Virksomhetens kvalifikasjoner for å kunne gjennomføre prosjektet

Beskriv virksomhetens kvalifikasjoner for å kunne gjennomføre dette prosjektet. Hvorfor er nettopp denne virksomheten godt egnet til å oppnå gode resultater med et slikt prosjekt? Beskriv erfaringer, nettverk, kompetanse etc.

Fylkesdirektøren for opplæring har sidan 2003 hatt samarbeid med Flora kommune om eit opplæringstilbod for minoritetsspråkleg ungdom som kan beskrives som «mer grunnskuleopplæring for ungdom». Dette har seinare blitt vidareført til andre skular og kommunar. Skuleåret 2016/2017 har det vore 4 aktive grupper som vi i dag kallar GMU (grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom) i Sogn og Fjordane. Skuleåret 2017/2018 har fylkeskommunen i samarbeid med 19 kommunar i Sogn og Fjordane etablert 11 GMU-grupper fordelt over 8 vidaregåande skular som har gjeve «mer grunnskuleopplæring» til ca. 110 elevar.

Fylkesdirektøren for opplæring har faste møter med kommunane i Sogn og Fjordane for å styrke samarbeid og sikre best mogleg og heilskapleg opplæringstilbod til den enkelte elev. Tverretatleg samarbeid er avgjerande for å få dette til. Eit tett samarbeid rundt GMU har ført til større erfaringsutveksling og ein meir heilskapleg tilnærming til minoritetsspråklege elevar og deira kvalifisering på sikt. Både fylkesdirektøren og kommunane er innstilte på å vidareføre og vidareutvikle GMU som opplæringstilbod.

3. Fokusområder:

(Kan velge flere)

<input checked="" type="checkbox"/> Metodeutvikling innen grunn- og videregåendeopplæring
<input type="checkbox"/> Utvikling av tverrfaglig samarbeid herunder med aktuelle statlige samarbeidspartnere
<input checked="" type="checkbox"/> Et godt samarbeid mellom fylkeskommunen og aktuelle kommuner

4. Prosjektbeskrivelse

Gi en beskrivelse av følgende tema. Beskrivelsen må være i samsvar med valgt(e) fokusområder for tiltaket. Beskrivelse av samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlige sektormyndigheter, samt privat næringsliv og frivillige organisasjoner i prosjektperioden, skal inngå i prosjektbeskrivelsen.

Søknadsskjema for 2018

4-1) Bakgrunn - hvilke behov som ligger til grunn for prosjektet

Fylkesdirektøren for opplæring i Sogn og Fjordane opplever at minoritetsspråkleg ungdom med kort butid i Noreg har større utfordringar med gjennomføring av vidaregåande opplæring, og har større fråfall. Dette kan skuldast både manglande fagleg og språkleg grunnlag, samt motivasjon. Mange minoritetsspråklege har ufullstendig karaktergrunnlag frå grunnskulen. Dei kan difor ikkje konkurrere på lik linje med andre ungdomar, og kjem ikkje inn på utdanningsprogrammet dei ynskjer. I eit fylke som Sogn og Fjordane der dei vidaregåande skulane har stor geografisk avstand frå kvarandre, fører det ofte til at ungdom må flytte på seg. Særleg for denne gruppa kan det vere ekstra utfordrande å måtte flytte på hybel kort tid etter busetting. Vi ser eit behov for å gje minoritetsspråkleg ungdom meir grunnskuleopplæring for å betre det faglege og norskspråklege grunnlaget før dei startar på vidaregåande opplæring. I tillegg ynskjer vi å gje dei moglegheita til å få eit karaktergrunnlag som gjerd ei i stand til å konkurrere på lik linje med andre ungdom. Det er også eit viktig integreringstiltak å legge undervisninga til vidaregåande skular slik at ungdom får vere i lag med andre ungdomar.

4-2) Overordnede mål for prosjektet

Å betre gjennomføring av vidaregåande opplæring for desse ungdomane, samt legge til rette for betre integrering.

4-3) Metode - hva som skal gjøres og hvordan

Fylkesdirektøren for opplæring inngår skriftlege avtalar med kommunar i fylket for å tilby grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom, heretter kalla GMU, i tråd med opplæringslova § 4A-1 andre ledd. GMU gruppene blir oppretta ved minimum 5 søkjarar på den nærmaste vidaregåande skule der ungdomen bur. Opplæringa tek eitt år og ender med ein grunnskuleeksamen som gjev elevane eit vitnemål dei kan nytte for å konkurrere seg inn i det ordinære inntaket til vidaregåande skule. Kvar GMU gruppe har plass til opptil 12 elevar, og ved fleire søkjarar blir det oppretta fleire grupper på ein skule. Alder (16-24), norsknivå (A2), og behov er einaste premiss for inntak. Eleven sitt beste skal ha merkemda. Kostnaden er likt fordelt mellom kommune og fylkeskommune, uavhengig av kvar eleven har rettighetane sine. Dette blir løyst ved å dele på oppgåvene som til dømes lærarkrefter, og ikkje gjennom økonomiske overføringer. Gjennom eit slikt samarbeid får ein kombinere den kompetansen som er i kommunen og fylkeskommunen. Per i dag har fylkesdirektøren for opplæring inngått 17 formelle samarbeidsavtalar med kommunar i Sogn og Fjordane. Til saman 110 elevar med rett etter opplæringslova § 4A-1 første og andre ledd har fått opplæring i GMU-grupper fordelt over 11 grupper på 8 vidaregåande skular skuleåret 2017/2018. Undervisninga blir kombinert med karriererettleiing, hospitering, og det å vere del av eit vidaregåande skulemiljø.

Dette tilbodet skal fortsetja ut skuleåret, og åpne opp for nye søkjarar til skuleåret 2018/2019. Fylkesdirektøren for opplæring ynskjer å inngå samarbeidsavtaler med alle kommunar som har aktuelle søkjarar.

4-4) Målgruppe(r) for prosjektet

Minoritetsspråkleg ungdom mellom 16 og 24 år, med behov for meir grunnskuleopplæring. Dette gjeld uavhengig av om ungdomen har rett til grunnskule etter opplæringslova § 4A-1 første ledd eller rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 og dermed kan nytte seg av § 4A-1 andre ledd.

Målgruppa inkluderar også asylsøklarar i alderen 16-18 år. Asylsøklarar mellom 18 og 24 år kan få tilbod om GMU dersom det er ledig plass etter inntaket.

Søknadsskjema for 2018

5. Forankring og planlegging i virksomheten

Gi en kort beskrivelse av hvordan prosjektet er forankret i virksomhetens ledelse og hvordan det inngår i et planmessig utviklingsarbeid og tverretattlig samarbeid.

Hovudutvalet for opplæring har gjort vedtak 12.04.16 som gjev fylkesrådmannen fullmakt til å inngå samarbeidsavtaler med kommunane om å setje i gong GMU – grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom. Fylkeskommunen har ansatt ein person i 100% prosjektstilling per 01.01.17 over 2 år som skal sikre og samle arbeidet med minoritetsspråklege i vidaregåande opplæring. Ein betydeleg del av dette arbeidet er å opprette og systematisere eit GMU tilbod i Sogn og Fjordane.

Gjennom tett samarbeid med kommunane om GMU, gjev det rom for å ha ein kontinuerleg dialog rundt alle minoritetsspråklege elevar mellom kommune og fylkeskommune. Det gjev også gode moglegheiter for å samarbeide tettare i arbeidet med systematisering, vidareutvikling og gjennomføring av opplæringstilbodet GMU og andre opplæringsrelaterte problemstillingar på tvers av etat. Dette vil kunne bidra til ein dialog på eit tidleg stadie i busetjing, og dermed gje eit tydelegare langsiktig løp for minoritetsspråkleg ungdom.

Gjennom tett samarbeid og felles erfaringar i 2017 kan vi allereie sjå ein endring i tilnærminga til minoritetsspråklege elevar. Mange kommunar skriv ikkje lenger ut elevar frå grunnskulen berre på grunnlag av alder. Ved å kunne tilby GMU som ein inngangsport til ordinær vidaregåande opplæring ser kommunane viktigheita av å kvalifisere elevane best mogleg før innsøking til GMU slik at dei får kunnskapen og kvalifikasjonane til å nytte seg av denne opplæringa fullt ut, og dermed fremje gjennomføringa av vidaregåande opplæring. Dette vert styrka av at Statens lånekasse for utdanning ikkje gjev støtte til elevar som får opplæring etter opplæringslova § 4A-1 andre ledd.

Når færre blir skriven ut av grunnskule med mangelfull vitnemål før innsøking til vgo, har det ført til at fleire minoritetsspråkleg ungdom enn før har rett til opplæring etter opplæringslova § 4A-1 første ledd framfor andre ledd, og dermed ligg opplæringsansvaret hjå kommunen. Fylkesdirektøren for opplæring anser det som viktig å styrke samarbeidet og behalde ein lik kostnadsfordeling for å kvalifisere ungdom til gjennomføring av vidaregåande opplæring uavhengig av kvar elevane har rettane sine.

6. Målbeskrivelse

Effektmål

Effektmål uttrykker effekten eller konsekvensen av prosjektets arbeid. Dette er *planlagte* og forventede gevinster eller endringer som vanligvis først fremkommer lenge etter at prosjektet er gjennomført. Effektmål er HVORFOR man gjør prosjektet.

Nr	Effektmål	Kriterium for måloppnåelse
	Lik gjennomføringsgrad for minoritetsspråkleg ungdom som gjennomsnittet i Sogn og Fjordane	85,9% for studiespesialiserande og 59,4% for yrkesfag i 2017
	Færre omval etter inntak	

Legg til flere rader ved behov

Søknadsskjema for 2018**Resultatmål**

Resultatmål uttrykker hva som skal være oppnådd når prosjektet er ferdig. Resultatmålene skal være tydelige og målbare.

Nr	Resultatmål	Kriterium for måloppnåelse
	Gje all minoritetsspråkleg ungdom i Sogn og Fjordane som ynskjer dette, og er i målgruppa, eit tilbod om GMU – grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom.	Alle som søkjar og er i målgruppa skal få tilbod om plass.
	Gje minoritetsspråkleg ungdom med manglande eller mangelfull vitnemål eit konkurransegrunnlag til inntak til ordinær vidaregåande opplæring.	Etter 1 år i GMU skal elevane ha eit fullstendig grunnskulevitnemål etter opplæringslova § 4A-1.
	Fleire får inntak til sitt 1. eller 2. val på Vg1.	Fleire minoritetsspråklege får inntak på sitt 1. eller 2. val av utdanningsprogram.

Legg til flere rader ved behov

Målgruppe og antall deltakere i 2018

Nr		Gutter	Jenter	Totalt
	Målgruppe: All minoritetsspråkleg ungdom mellom 16-24 (16-18 for asylsøkjjarar) i Sogn og Fjordane med minimum A2 nivå i norsk (etter felles europeisk rammeverk for språk) med behov for meir grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A-1 første og andre ledd.			
	Deltakere som var i prosjektet per 31.12.2017 og var ikke ferdige med tiltaket og derfor overføres til 2018			110
	Nye deltakere som skal rekrutteres i 2018 (til skuleåret 18/19)			50-75?
	Deltakere som var i prosjektet skuleåret 17/18 men får tilbod om eit ekstra år skuleåret 18/19			31

Legg til flere rader ved behov

Oppgi deltakerens nasjonalitet: Eritrea, Somalia, Litauen, Afghanistan, Etiopia, m.m.

Deltakerresultater fra i fjor

Nr	Deltakere	Gutter	Jenter	Totalt
1	Totalt antall deltakere som var i prosjektet i 2017			161
	Antall som avsluttet i løpet av 2017			51
2	Herav antall som gikk over i ordinær fulltids videregående opplæring			28
3	Deltakere som startet på et ekstra år med grunnskuleopplæring i 2017 og skal fortsette med det i 2018			110

7. Gjennomføring

Søknadsskjema for 2018**Hovedaktiviteter**

Hovedaktiviteter er aktiviteter som gjennomføres for å oppnå resultatmålene eller nå milepælene.

Nr	Hovedaktivitet	Fra dato	Til dato
	Inngå avtaler med alle aktuelle kommunar i Sogn og Fjordane for samarbeid om GMU.	01.01.18	01.01.19
	Innhente søknad og dokumentasjon frå søkjarar for skuleåret 2018/2019 i samarbeid med kommunane for å sikre rett opplæringstilbod til den enkelte	01.01.18	01.10.18
	Opprette GMU-gruppe på nærmaste vidaregåande skule ved minimum 5 søkjarar.	01.07.18	01.09.18

Legg til flere rader ved behov

Milepæler

Milepæler beskriver viktige beslutningspunkter eller delresultater, som indikatorer på prosjektets framdrift.

Nr	Milepæl	Dato (dd.mm.åå)
	Nye søkjarar til GMU	01.03.18
	Nok søkjarar til å behalde GMU grupper på dei 8 skulane som har ein aktiv GMU gruppe skuleåret 17/18	01.08.18
	Fullstendig vitnemål til alle avsluttande deltakere i GMU skuleåret 17/18	01.07.18
	Inntak på 1. eller 2. val på Vg1 til alle avsluttande deltakarar i GMU våren 18	01.09.18

Legg til flere rader ved behov

8. Økonomi

Budsjett for 2018 fylles ut av alle søkere. Budsjett for 2019 og 2020 oppgis kun dersom dere søker tilskudd også for disse år.

Inntekter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Søknadssum	6 477 611,-		
Egenfinansiering (leie av lokale, tlf, databruk m.m.)	Elev-pc: 200 000,-		
Egenfinansiering, ressursbruk i prosjektet (Oppgi antall årsverk med beløp)	1 årsverk: 650 000,-		
Annen egenfinansiering - Beskriv			
Støtte fra andre (for eksempel samarbeidende kommuner)			
Andre inntekter			
Totale inntekter	7 327 611,-		

Søknadsskjema for 2018

Utgifter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Lønn (inkl. sos. kostnader) prosjektledelse/medarbeider	650 000,-		
Kjøp av veiledning etc.			
Reisekostnader	25 000		
Seminar, konferanse, opplæring ansatte i prosjekt	25 000 (1)		
Kjøp av kurs/tiltak for deltakere			
Informasjonsmateriell			
Kontordrift			
Ande utgifter: Drift av gruppene (personal og lokale)	Elev-pc kr 200 000,- (2) Drift: Vår 2018 11 grupper kr 3 297 250,- Haut 2018 10 grupper kr 3 130 361,- (3)		
Totale utgifter	7 327 611,-		

Budsjett må balansere

Totalt søkes det om kr 6 477 611,- for 2018.

Merknader til budsjett

Her spesifiseres evt. inntekter og utgifter. Dersom egenfinansiering er i form av bruk av faste stillingsressurser, skal dette spesifiseres her. Kroneverdien av slik ressursbruk skal fylles ut i budsjettposten "Egenfinansiering".

- 1) I henhold til samarbeidsavtalen med kommunane skal GMU samarbeidet bli evaluert kvart år. Dette blir organisert gjennom ein felles samling i løpet av november.
- 2) Elevane får låne pc frå skulen som skal leverast inn ved slutten av skuleåret og såleis kan nyttast av nye elevar neste skuleår. Hovudinnkjøpet vart gjort i 2017, men vi reknar med å måtte kjøpe inn nokre nye i 2018. Det kjem ein driftskostnad i tillegg, men denne ligg i den ordinære drifta og vises ikkje i budsjettet. Dette blir reikna som eigenandel.
- 3) Kostnad per gruppe skuleåret 2018/2019 aukar på grunn av ordinær prisjustering. Det er også lagt inn to ekstra skuletimar med faget «utdanningsval» i undervisninga. Denne kostnaden blir delt likt mellom kommune/fylkeskommune.

Søknadsskjema for 2018**9. Personer i prosjektet**

Nr	Navn	Arbeidsgiver	Rolle i prosjektet	Stillingsandel	E-post	Tlf.nr.
	Yrla Klein	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Prosjektmedarbeidar	100	Yrla.klein@sfj.no	40349549

Legg inn flere rader ved behov

Antall ansatte personer i prosjektet: 1

Årsverk totalt i prosjektet: 1

Herav årsverk finansiert av IMDi-tilskuddet: 0

10. Samarbeidspartnere

Formelle virksomheter (etater, kommuner, organisasjoner, bedrifter) kan legges til i denne listen.

Nr	Virksomhet	Enhet	Rolle i prosjektet	E-post	Merknad
1	Askvoll kommune	Kommune			
2	Balestrand kommune	Kommune			
3	Bremanger kommune	Kommune			
4	Eid kommune	Kommune	Vertskommune		
5	Fjaler kommune	Kommune	Vertskommune		
6	Flora kommune	Kommune	Vertskommune		
7	Førde kommune?	Kommune	Vertskommune		
8	Gaular kommune	Kommune			
9	Gloppen kommune	Kommune	Vertskommune		
10	Gulen kommune?	Kommune			
11	Hyllestad kommune	Kommune			
12	Høyanger kommune	Kommune	Vertskommune		
13	Leikanger kommune	Kommune			
14	Luster kommune	Kommune			
15	Lærdal kommune	Kommune			
16	Sogndal kommune	Kommune	Vertskommune		
17	Stryn kommune	Kommune	Vertskommune		
18	Vik kommune	Kommune			
19	Vågsøy kommune	Kommune			

11. Andre samarbeidspartnere

Nettverk, uformelle fora, enkeltpersoner kan legges til her.

Søknadsskjema for 2018

Regionale nettverk for integrering i Sogn og Fjordane, bestående av: kommunar per region, NAV fylke, fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

FFKF – fagleg forum for kommunalt flyktningarbeid

12. Organisering

Beskriv hvordan prosjektet blir organisert.

Alle kommunar i Sogn og Fjordane har fått informasjon og tilbod om å bli med på eit samarbeid i dette prosjektet. Mange kommunar har eit ynskje om å vere med, men har ingen aktuelle kandidatar i målgruppa. Desse kan bli aktuelle samarbeidspartnere seinare og er ikkje teken med her. All ungdom i målgruppa som er busatt i kommunar med samarbeidsavtale skal få tilbod om opplæring i GMU etter søknad. Tal grupper blir difor ikkje kjent før etter søknadane er komen inn.

13. Tilleggsopplysninger

Skriv opplysninger du ikke finner plass til andre steder i skjemaet som er relevant for prosjektet.

Etter skuleåret 16/17 og halve 17/18 har vi sett at nokon av ungdomane har behov for eit ekstra år i GMU for å bli kvalifisert til vidaregåande opplæring. Dette er gjerne ungdom med lite eller mangelfull skulegang frå heimlandet samt lite engelskkunnskapar. Eit år i GMU blir då for lite grunnlag til å få eit fullstendig grunnskule vitnemål. I samråd med kommunane har vi valgt å tilby desse eit ekstra år i GMU.

14. Vedlegg

Liste over vedlegg

Nr	Vedleggsbeskrivelse
1	<i>Signaturskjema</i>

Legg flere rader ved behov

NB: Søknaden skal signeres av fylkesrådmann, ev. av en leder i overnevntes ledergruppe. Det er også mulig å legge ved en slik bekreftelse.

Veiledning for utfylling av søknadsskjema

Generelle punkter

Før søknadsskjemaet fylles ut må utlysningsteksten (rundskriv) leses grundig. Den inneholder viktig informasjon. Dokumentet ligger på www.imdi.no/tilskudd.

Søknaden skal sendes inn på e-post: jobbsjansen.b@imdi.no

Søknadsskjema for 2018

Bruken av vedlegg skal begrenses

Søknadsskjemaet må inneholde all relevant informasjon. Søknaden skal kunne vurderes uten en grundig gjennomgang av vedleggene. Det skal ikke legges ved dokumenter med viktig informasjon hvor den samme informasjonen ikke er oppgitt i søknadsskjemaet.

Innsending av flere søknader

Dersom søker skal sende inn flere søknader, på den samme eller på flere tilskuddsordninger, skal hver søknad sendes separat (én epost per søknad).

Tittel – emnefelt i epost

Følgende tittel skal benyttes i emnefeltet i eposten ved oversendelse av søknaden:

P62 Jobbsjansen, del B 2018 – Prosjekttittel – fylkeskommune

Signering av søknaden (signaturskjema)

I tillegg til søknadsskjemaet skal det fylles ut et signaturskjema (se vedlegg) hvor leder av virksomheten skriver under. Dette skal skannes og legges ved søknaden.

Kontakt:

For spørsmål, ta kontakt med:

IMDi Øst:	Binh Nguyen, bing@imdi.no , tlf.: 90271556
IMDi Indre Øst:	Guro Engstrøm Nilsen, gen@imdi.no , tlf.: 45842760
IMDi Sør:	Beata Reppen, bcr@imdi.no , tlf.: 90279612
IMDi Vest:	Akhtar Chaudry, akc@imdi.no , tlf.: 92051478
IMDi Midt:	Fiffi N. M. Namugunga, fina@imdi.no , tlf.: 90288531
IMDi Nord:	Lars Erik Lillefloth, lli@imdi.no tlf.: 94785818